



BREMANGER KOMMUNE
Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	30.01.2014	005/14	MM

Avgjerd av: Saksansv.: Magnhild Myklebust	Arkiv: K2-S05, K3-&13	Arkivsaknr.: 13/2763
--	---------------------------------	--------------------------------

Forslag om å oppheve regelen om priskontroll i konsesjonslova - høyringsuttale

Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
77893	321861.pdf

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Konsesjonslova

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet foreslår i høyringsbrev datert 04.12.13 å oppheve §9 1.ledd i konsesjonslova av 29.november 2003 nr 98. Denne paragrafen seier at det ved avgjerd av søknad om konsesjon for erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål skal leggjast særleg vekt på om avtalt pris tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Ved oppheving av dette punktet i §9 vil det ikkje lenger vere lovleg å trekkje avtalt pris inn i vurderinga av om det skal gjevast konsesjon for erverv av ein landbrukseigedom.

Etter gjeldande regelverk er vurdering av pris eit av tilhøva som skal leggjast vekt på ved avgjerd om konsesjon. Ved overdragingar som er fritekne for konsesjon, t.d pga slektskap etter konsesjonslov/odelslova er det ikkje nokon form for priskontroll.

For eigedomar med bustadhus skal det etter dagens regelverk berre gjerast priskontroll dersom eigedomen har meir enn 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar skog. Sjølv om arealgrunnlaget overstig desse grensene, skal det likevel ikkje gjerast priskontroll dersom avtalt pris ikkje overstig 2 500 000 og eigedomen har eit bustadhus som har ein brukbar standard.

Landbruks- og matdepartementet skriv at opphevinga av 1.ledd i §9 er ei forenkling av regelverket som vil gjere konsesjonsvurderinga lettare og mindre tidkrevjande, og frigje ressursar i kommunen og på fylket. Dei meiner priskontrollen kan ha uheldige verknader for landbruket fordi den kan redusere investeringslysta hos eigarane, og at eigarar at landbrukseigedommar ikkje vil vere innstilt på å gjere investeringa som ein ikkje kan rekne med vert avspegla i den prisen som konsesjonsstyresmakta vil godta ved eit seinare sal.

Departementet meiner også at priskontrollen kan bidra til å svekke grunneigar sin motivasjon til å selje heile eller delar av eigedommen.

Vurdering:

Føremålet med priskontrollen er å sikre at det er bruksverdien til landbruksføremål og kostnadsnivået for landbruksbygg som skal danne grunnlaget for prissettinga. Dette er for at framtidige gardbrukarar skal ha høve å tileigne seg landbrukseigedommar der avkastninga vil stå i forhold til investeringa, slik at det er realistisk med landbruksdrift på eigedommen. Utan priskontrollen vil ein risikere at prisen på landbrukseigedommane vert kunstig høge, slik at berre kapitalsterke investorar har høve til å kjøpe slike eigedommar og at andre interesser enn landbruksinteressene vert avgjerande for omsetninga av eigedommen (jakt, naturressursar, private område etc.).

Då beløpsgrensa vart oppjustert i 2010 og 2012 var dette for å legge til rette for at mindre eigedommar der bustadfunksjonen er viktigare enn næringsaspektet vert prissett nærare marknadsverdi utan at næringsutøvinga på eigedommen vert svekka, og at fleire små eigedommar såleis blir lagt ut for sal.

Priskontrollen har sin viktigaste funksjon ved sal av landbrukseigedommar som har eit visst ressursgrunnlag, og det er få eigedommar av denne typen som vert omsett i kommunen. I Bremanger kommune vart det i 2013 omsett tre bruk med så stort areal at det var krav om konsesjon. Prisen varierte frå kr. 300 000,- til 1 420 000,-. Med så låg pris vart ikkje prisen vurdert i forhold til driftsgrunnlaget. Dei fleste landbrukseigedommane i kommunen er mindre bruk der kvaliteten på buforholda stort sett er viktigast ved prisfastsettinga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

.....

30.01.2014 Formannskapet

Framlegg til vedtak frå Audun Åge Røys (H):

Bremanger kommune støtter regjeringa sitt forslag om oppheving av §9, fyrste ledd nr.1 i konsesjonslova.

Framlegg til vedtak frå Nina Grotle (Ap)

Dagens ordning med priskontroll i konsesjonslova blir å vidareføre.

Det vart røysta for dei 2 framlegga opp mot kvarande-

Framlegg frå Audun Åge Røys fekk 2 røyster

Framlegg frå Nina Grotle fekk 3 røyster

FSK-005/14 Vedtak:

Dagens ordning med priskontroll i konsesjonslova blir å vidareføre.

.

